

Innspel til Årdal Kommune om mogleg utviding av Jotunheimen nasjonalpark

Dette er eit felles innspel frå grunneigarane på eigedomane Hjelle og Vetti.

Vi viser til møtet i samfunnshuset Øvre Årdal 6. september 2023 der kommunedirektøren oppmoda grunneigarane til å koma med innspel til Årdal kommune før handsaming av saka i kommunestyret.

Formelt sett har grunneigarane ingen vetorett i desse spørsmåla. Det er Årdal kommune som avgjer om dette skal utgreiaast vidare, og i siste innstans er det Årdal kommune som avgjer om Jotunheimen nasjonalpark skal utvidast innanfor kommunegrensene. Men det er positivt at kommunedirektøren både i møtet 6. september 2023 og i førre møte har lova at kommunen vil ta omsyn til grunneigarne sine interesser.

Innspelet vårt tek føre seg den delen av utgreiingsområdet som går på ei mogeleg omgjering av deler av Utladalen landskapsvernombordet til nasjonalpark, altså ei omgjering av verneform slik at lover og reglar for nasjonalparken kan bli gjeldande for deler av det som no er landskapsvernombordet. Vi konsentrerer oss kun om eigedomane Hjelle og Vetti.

Det innteikna utgreiingsområdet for endra verneform går frå høgfjellet og heilt ned i Hjelldalen, ned i Fleskenosdalen mot Vettismorki, og ned i fleire sidedalar på vestsida av Utladalen. Essensen i innspelet vårt er følgjande:

Vi vil på det sterkeste oppmoda Årdal kommune om å videreforside eit klart nei til omgjering av verneform frå landskapsvernombordet til nasjonalpark. Det er like greit at kommunen også seier nei til utgreiing av dette no, slik at vi får det bort frå agendaen.

Vi har grunngjeve synet vårt i dei tre møta vi har hatt til no med Statsforvaltaren og Årdal kommune. Her er ei kort oppsummering:

- Generelt: Omgjering av verneform frå landskapsvernombordet til nasjonalpark vil innebera strengare lover og reglar. Det vert også meir byråkrati når ein skal søkja om dispensasjon frå reglane, f.eks. for helikopter- og snøskutertransport. Dette er vanskeleg nok som det er i dag i landskapsområdet!
- Skoggrensa vil truleg krypa lenger oppover til fjells i åra som kjem. Det er ikkje utenkjeleg at det også vert skog i deler av utgreiingsområdet, for eksempel i Hjelldalen, Fleskenosdalen og i sidedalane på vestsida av Utladalen. Her kan det verta aktuelt å nytta skogen til veding, "tømmer" til reparasjon av bygningsmassen, og frakt med snøskuter. Det vert vanskeleg å få løyve til dette med verneregler for nasjonalpark.
- Vi har planar om kultivering av fiskevatn, for eksempel Hjelldalsvatnet for å få opp fiskebestanden. Hjelldalsvatnet og området rundt er no delvis i det som er markert som utgreiingsområde. Det er naudsynt med ein liten båt og eit båtskjul, og transport til vatnet. Etter mykje byråkratisk bråk har vi fått til dette i Øytjørni som ligg i landskapsvernombordet. I ein nasjonalpark vert dette mykje vanskelegare.
- I følgje Statsforvaltraren er det mest aktuelt med nasjonalpark over skoggrensa. Men som nemt over, skoggrensa flytter seg og i framtida kan deler av det som no er markert som utgreiingsområde bli liggande i skog.

- Statsforvaltaren seier: "Den bruken som vi har i dag (beite, jakt, fiske og friluftsliv) kan fortsetje som før [vår forståing er: ... fortsetja som no]". Det er ikkje aktiv gardsdrift i dag på eigedomane. Det var fluorutsleppa frå Årdal Metallverk som sette ein bråstopp for gardsdrifta for nokre tiår sidan, så "den bruken vi har I dag" er ei fylgje av dette. Det kan godt tenkjast at komande generasjonar vil ta opp att gardsdrifta med stor aktivitet i frodige Hjelldalen, Fleskenosdalen, Vettismorki og sidedalane vest for Utladalen, f.eks. med fjellgeiter og villsau. Utvida vern i området vil gjera dette vanskeleg.
- Vi har no løyve til uttransportering av felt elg og hjort i Utladalen landskapsvernområde med helikopter. I forskriftene for nasjonalpark står det berre at slik ferdsel er tillate i samband reindrift. I dag er det elgjakt og hjortejakt i deler av utgreiingsområdet. Dersom det vert re-establisert villreinstamme (slik det var før), vil felling og uttransportering vera aktuelt i store deler av utgreiingsområdet, f.eks. på Øytjørnnåsi og opp mot Hjelledalstind, på Stølsnosi og opp mot Friken.

Som nemnt over, dette innspelet tek kun føre seg endra verneform på eigedomane til Hjelle og Vetti. Vi har synspunkt på andre deler av utgreiingsområdet, men dette får vi ta i eit event. møte eller over telefon.

For ordens skuld: Det verna området vert ikkje mindre ved å etterkoma ynskjet vårt. Dette gjeld kun verneforma som vi ynskjer skal vera etter reglane for landskapsområde også i framtida.


31. oktober 2023

Øyvind Hjelle
Grunneigar på Hjelle

Marie Vetti, Ingjerd Høgseth Vetti og Roger Høgseth Vetti
Grunneigarar i Vetti

Frå presentasjonen til Statsforvaltaren:

Dei blå skraverte områda er det som skal utgreiaast for endra verneform frå landskapsvernområde til nasjonalpark. Austre del av Hjelledalen er i sørrenden av dei blå skraveringane til høgre, og Fleskenosdal i nordenden. Skravering med grøne prikker markerer utgreiingsområde for utvida nasjonalpark.



Kart i litt større målestokk.

